Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skjold

Emne: Skav Bygdelag: Ersland

Oppskr. av: Enok Østre f. 1882. Gard: Østre

(adresse): Skjold G.nr. 49 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hjelpefôr.
2. Nefôr
3. Notid: skjeve. Fortid: skóv. Framtid: skava.
4. Før i tidi nytta ein mykje skav til kröterfôr, namnet på det var, skav; og vart brukt, der det var mykje skog både som regulært fôr og elles alle stader då det vart lite høy
5 Av treslag som vart nytta til skav var raun, osp, ask, hegg og eik, men aldri hartre. Alm veks ikkje her.
Skav av raum var gjævast.
6. Nei
7 Raudn (raun) løyse künå av båsen
Osp legge smør i ósk.
Ask gjere künå rask.
Hegg legge merg i legg.
Eik gjere künå veik.
8. Det var berre küi som fekk skav og det var heile vinteren, gjerne saman med halm, helst til kvelds=mat. Skav av alder, björk og vier lika ikkje kyri.

987

Andreblad. 

9. Fekk kyrne skav, fekk ein meir både mjølk og smør. Mest smør fekk ein av ospeskav, derav ordtake „osp leg smør i ask" men det vart altid so kvitt. Gav ein kyrne mykje skav vart mjølk og smør beiskt.

10. Ofte drog ein eins ærind til skogs etter ved til skaving; men ein nyttar og veden etter det ein om hausten skogde med å „kjerva" tok lauv og småkvistar av og bunta saman til kjerv. All ved til brendsel nytta ein borken av til skav; men ikkje hesjeveden.

11 Til skogs etter morkaved.

12. Mork.

13. Nei

14. Heile vinteren etter som ein trong det. Nei. Har ikkje vore noko sed å gå til skogs t.d. langfredag.

15. Om vinteren held dei seg i stova men då våren kom med varme i lufti held dei seg helst i laven.

16. Reidskapen ein nytta kallast skavljå og vart laga av ein gamal ljå som ein tulla ei tyfilla kring i eine enden av ljåen til handtak.

17. til 18 Inne i stova bruka ein å setja upp ein staur frå golvet og upp under bjelken i taket kallast skavstauren og stydja skavljåen mot denne. Somme bruka og og stydja skavljåen mot senge=kanten. Kjenner ikkje ordet skavhal.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tredjeblad. 19. Når ein skov held ein ljåen med høgre handa støtta på høgre kneet og skov kjeppen med venstre handa og drog kjeppen og drog kjeppen under ljåen.

20. ~~Skjevlar~~. Mark.

21. Bork før ein sjev og skov då det er skove.

22. Det er helst greinerne av trei ein skjev; men og sjølve trei, og det skave ein får av dei kallast brandaskav

23. Ein skjevedl, fleire skjevlar
ein skjevlabrand.

24. Skavet måtte vere fint so det vart mjukt, men litt av vedlaget laut følgja med. Somme skov „mjukt og fint" for då åt kyrne det betre, andre var slarvne, skov hart og tjukt og då vart skave uetelegt for kyrne Den som var rapp på handa kunde skava dubbelt so mykje som ein som var klossat på handa.

25. Veden vart nytta både til lrokste-ved og omnsved.

26. Nå er det visst ingen her i kring som skjeve. Eg skov litt under „krigen" men eg såg ingen annan som gjorde det. Ein kan rekna med at det er ca 20 år sidan folk slutta med å skava. Dei eldre som skov er helst alle døde og dei yngre ~~slekter~~ kan ikkje skava. Det nert til at dei kjøper cellolose.

3

987

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING